



FOTO: RINE SKETRE FJELLVAR

Berland opna Bildøyvatnet

Nye Bildøyvatnet vassbehandlingsanlegg produserer no reint og delikat vatn til innbyggjarane i Fjell. Samtidig sparer dei nærare ein million kw timar pr år på mindre pumping. Det var ordførar Eli Berland som stod for den offisielle opninga den 17. april. Etter ein kort tale og flotte musikalske innslag frå

Kulturskulen fekk ho og dei andre gjestene omvisning på eit av dei aller beste vassreinseanlegga som finnes i landet vårt.



FAKTA BILDØYVATNET VASSVERK

- Opna 17. april 2015
- Gjer Bildøyvatnet til vassmagasin for Fjell kommune
- Kan levere rundt 30 % av kommunen sitt vassbehov
- Planlagt sidan 2011
- Investert 30 mill. kr eks. mva
- Fått tildelt 720.000 kr i tilskot frå ENOVA

Reint og delikat vatn

- Vatnet herfrå er krystallklart. Det er det nyaste anlegget i Norge og vasskvaliteten er ekstremt bra, fortel Arve Smedvik i FjellVAR.



ALLEFOTO: RUNE SETRE FJELLVAR

Bildøyvatnet ligg 180 meter over havet. Så er det eit fall ned til sjølve vassreinsanlegget på 152 meter. Høgdebassenget ligg på 115 meter. Derifrå er det fritt fall og vatn ut til brukarane via det gamle nettet.

- Dermed slepp vi å pumpe vatnet rundt. Det sparar FjellVAR om lag ein million kwt kvart år, fortel Smedvik.

ENOVA applauderer

Slikt likar ENOVA. Det statseigde foretaket skal drive fram ein miljøvenleg omlegging av energibruk og energiproduksjon, samt bidra til utvikling av energi- og klimateknologi. For første gong har ENOVA no gjeve tilskot til eit vassreinsanlegg. Solide 720.000 kroner vart tilskotet på.

Godt vatn til heile Fjell

Bildøyvatnet vil stå for inntil 30 prosent av vassforsyninga i Fjell kommune. Men også Fjæreide, som er hovudanlegget, har høg vasskvalitet.



Driftsoperatør i FjellVAR, Ivar André Øvretveit.

- Begge dei to anlegga er langt betre enn alle krava til slike anlegg. Vi har særst godt vatn i Fjell, seier Arve Smedvik.

Slutt på koking

Bildøyvatnet har tidlegare vore nytta som reserveløysing. Då var ikkje vasskvaliteten god nok og innbyggjarane i Fjell måtte difor koka vatnet som kom derfrå. Det treng dei ikkje lengre. Det er heller ikkje klor i vatnet. FjellVAR har faktisk som prinsipp å ikkje ha klor i drikkevotnet.

- Ein miks av marmor og lecakuler reinsar ut humuspartiklar. Jernklorid konsentrerer partiklane slik at dei blir lettare å fange opp. Det reinsa vatnet går så gjennom ultrafiolett lys som drep bakteriane, fortel Smedvik. Resultatet er reint og friskt vatn, akkurat slik det skal vere.

Fjæreide skal rustast opp

FjellVAR har investert 30 millioner kroner i det nye anlegget. Det inkluderer ny leidning til høgdebassenget ved Bildøynuten. Det nye anlegget kan bli styrt bedre enn det gamle, men no skal



utstyret på Fjæreide oppgraderast slik at det kjem opp på same nivå som Bildøyvatnet.

Kjemiingeniør Andreja Peternelj tek vassprøver.

Godt samarbeid med entreprenørane

- Vi har hatt eit godt samarbeid med dei som har stått for arbeidet, det er vi glade for, seier Arve Smedvik.

Sartor Maskin var ansvarleg for betongarbeidet, og dei har nytta under-entreprenørar som H. Skarholm AS, Byggmester Reidar Valestad AS, Sartor VVS, Murmester Knut Ulveseth AS og Fagelektrikerne. LAFOPA fra Trøndelag leverte prosessanlegget, altså pumper og kjemidelen. Filtersystemet er eit system utvikla av Asplan Viak.

KAMPANJE

Ta i bruk eFaktura eller AvtaleGiro - vinn kinobilletter!

Inngå eFaktura eller AvtaleGiroavtale på dine fakturaer frå FjellVAR AS i perioden 1. juni til 31. august 2015, og bli med i trekninga av 50 gåvekort på to kinobilletter til bruk på Sotra kino.



Kundekort

Fjellvar AS innfører frå 15. juni 2015 krav om kundekort ved levering av avfall på gjenbrukstasjonen. Alle husstandar får tilsendt kundekort i posten. For meir informasjon, sjå

www.fjellvar.as



Vårens ryddeaksjon

Mange velforeiningar, grendalag, skular og barnehager har gjort ein kjempejobb for sitt nærmiljø i vårens ryddeaksjon. Takk for flott innsats til alle deltakarar!

Betaling med kort

Vi anbefalar at kundar betaler med kort på gjenbruksstasjonen i Lonavegen på Straume.

Strandryddedagen

- FOR FAUNA, FELLESSKAP OG FRAMTID!



Lørdag 9. mai arrangerte Hald Noreg Rent den store strandryddedagen. Også i år kom det inn enorme mengder boss. Misje Kajakklubb rydda i nærmiljøet sitt.

I fjor var det vel 12 000 personar som deltok i strandryddedagen. 522 strender, som dekkjer 320 000 meter kystlinje, vart rydda for boss. 20 000 frivillige timar vart lagt ned i strandrydding i fjor. I år er målet 20 000 frivillige, 500 arrangement/aksjonar og at det vert fjerna 200 tonn boss frå strendene før sommarferien.

Marin forsøpling er eit samansett problem med global spreiding. Kvar dag endar millionar av små og store ting i havet verda over, og lite av dette blir fjerna. Vær og havstraumar fører bølge på bølge med nytt avfall til strendene våre. Over halvparten av avfallet er plast og tauverk. Småsøppel som sneipar og bomullspinnar utgjer også ein vesentleg del av den marine forsøplinga.

På den strandryddedagen var det omkring 12 lag som var ute å rydda strender i Fjell kommune. Medlemmer av Misje Kajakklubb rydda fjæra i Skjervika for omlag 500 kg boss og bidro dermed for fauna, fellesskap og framtid!


Godt jobba!



Misje Kajakklubb rydda i Skjervika.

Soneinndeling for tømekalendar

- Sone 1** Trengereid, Kallestad, Dala, Tellnes, Haganes og Fjell gard sør for vegkryss ved kyrkja
- Sone 2** Svingen, Arefjord og Brattholmen
- Sone 3** Hjelteryggen, oppsida av vege
- Sone 4** Knappskog, Fjæreide, Morland, Morlandstø og Geitanger
- Sone 5** Åttringen, Grunnvågen og Larslia
- Sone 6** Åse, Skoge, Møvika og Skålvika
- Sone 7** Knarrvika, Storevarden, Snekevika, Ebbesvika og Gavlen
- Sone 8** Hjelteryggen, nedsida av vege og Straumfjellet
- Sone 9** Bildøybakken og Kolltveit
- Sone 10** Foldnes, Anglavika og Vågo
- Sone 11** Ulveseth, Nordvika, Neset, Ekren, Kleivane og nordre del av Fjell gard til vegkryss ved kyrkja
- Sone 12** Tonafeltet og Valen
- Sone 13** Bjørøyna
- Sone 14** Spjeld og Ågotnes
- Sone 15** Vindenes, Polleide, Angeltveit og søre del av Landro
- Sone 16** Lokøyna, Syltøyna, Langøyna, Algrøyna og Sekkingstad nord til Utsikten
- Sone 17** Døsjø, Ekrhovda, Lie og Liaskjæret
- Sone 18** Straume utan Straumfjellet
- Sone 19** Bildøyna, Eide, Kårtveit, nordlegaste del av Sekkingstad sør til og med Utsikten og Valderhaug
- Sone 20** Solsvika, Misje, Turøyna og Landro nord for samfunnshuset



Opprett eFaktura eller AvtaleGiro

Mottar du framleis papirfakturaer? Unngå lange KID-nummer, betal heller med AvtaleGiro og/eller eFaktura!

e Faktura

Viss du inngår avtale om eFaktura, får du faktura ferdig utfylt direkte i nettbanken. Du kan sjølv endre forfallsdato og beløp før du godkjenner. eFaktura blir først betalt når du godkjenner den. Inngå avtale i nettbanken, eFaktura-referansen er lik kundenummeret ditt, du finner dette på fakturaen. Når du har betalt fakturaen, oppbevares den elektronisk i nettbanken.

Avtale Giro

AvtaleGiro er enkelt, effektivt, oversiktleg og du har full kontroll på fakturaene dine. Du blir varsla minst sju dagar før forfall. Din konto vert automatisk belasta ved forfall. Du slepp å betale giroen i nettbank eller i banken. Du unngår puring og gebyr ved for sein betaling. Du har full oversikt over betalte rekningar i nettbanken og på kontoutskrifta.

For meir informasjon, sjå www.fjellvar.as

FjellVAR AS får nye nettsider frå hausten 2015.

Kunderregistrering

FjellVAR AS vil i 2015 gjennomføre kvalitetssikring av kunderregisteret i forhold til gebyr som kvar einskilt abonnent betalar for. Kvar månad får vi inn tips frå personar om abonnentar som ikkje betalar for tenestene dei mottar.

Vi har nå fått registrert alle betalande kundedata på kart slik at kvart einskilt område vil bli gjennomgått. Kunder som nyttar offentlig vatn, avløp og renovasjon, som det ikkje vert fakturert for, ber vi ta kontakt med oss snarast.

Ein del kunder vil også få tilsendt førespurnad om informasjon på vasskjelde, samt avløpsordning.

Ny hyttesesong står for døra



Fjell kommune har masse nydeleg natur og flotte hytteområder som både vi og tilreisande veit å setja pris på. Hjelp oss å halda det reint og ryddig i kommunen vår. Alle som eig fritidsbustad i Fjell kommune må vera knytta til renovasjonsordninga i kommunen.

FjellVAR AS har sett ut behaldarar for hytterrenovasjon langs vegane i kommunen. Desse er så langt det let seg gjere plassert i nærleiken av dei stadane det er hytter. Avfallet frå hytter på øyer utan vegsamband kan leverast på kaier der det er sett ut behaldarar for hytterrenovasjon. Hytteavfallet vert henta ein gong per veke i vinterhalvåret, og to gongar per veke i sommarhalvåret.

Hugs at det er berre hushaldningsavfall som skal opp i behaldarane. Anna avfall som kan gjenvinnast, kan leverast på gjenbruksstasjonen på Straume eller i returpunkt for glas- og metall.

FØLGJANDE AVFALLSTYPAR MÅ LEVERAST TIL GJENBRUKSSTASJONEN

- Bygg- og rivningsavfall, møblar, metall og andre store gjenstandar.
- Farleg avfall – til dømes; beis, måling, lakk, løysemiddel, spillolje, lut, batteri og trykkimpregnert treverk.
- Elektrisk og elektronisk avfall (EE-avfall). EE-avfall kan òg leverast gratis i retur til forhandlar.

**FJELLVAR YNSKJER ALLE
EIN GOD SOMMAR!**

Uventa fest i fjellet

Kirsten (87) og Leif (86) Nesse var på trimtur då dei overraskande treffe på ordføraren med kjede og fleire festkleddede folk. Så blei dei invitert med!



Kirsten og Leif Nesse vart invitert med på den offisielle opningsfesten til Bildøyvatnet Vassverk.

Det spreke ekteparet går ofte turar, som regel i terrenget. Vardafjellet er blant områda dei er godt kjende i. Dei er frå Fjell kommune, har hatt hytte her i mange år og flytta tilbake til kommunen for eit halvt år sidan etter å ha budd i Arna i over 60 år.



Men denne fredagen i april er fyrste gongen dei har havna på fest med ordføraren som ein del av trimturen sin.

Dei gjekk grusvegen oppover og oppdaga etterkvart at mange bilar køyrde til demningen. Då Kirsten og Leif kom opp såg dei at det var eit arrangement på nye Bildøyvatnet vassverk.

Dei to vart inviterte inn til kanapear, kulturinnslag og omvisning på det flotte anlegget. Samtidig fekk dei ei god historie å fortelja – og det fekk vi i Fjellvarsel også.

Tekst, grafisk produksjon og trykk: Bodoni AS
Trykket på 100 % resirkulert papir

TØMEKALENDAR 1. JULI – 31. DESEMBER 2015

| | |
|--|---|
|  | Papir-/plastsekk |
|  | Mat-/restavfall |
|  | Ekstra tømming matavfall i juli og august |

1-20 Sonenr. Mitt sone nr: _____
 Min tømmedag for mat-/restavfall: _____
 Min tømmedag for papir/plastavfall: _____

Opningstider for
gjenbruksstasjonen
på Straume:

| | |
|------------------------|-------|
| Mandag | 10-19 |
| Tysdag, onsdag, fredag | 10-15 |
| Torsdag | 10-19 |
| Laurdag | 09-16 |



Kalendaren finn du og på
www.fjellvar.as

| | JULI | AUGUST | SEPTEMBER | OKTOBER | NOVEMBER | DESEMBER |
|---------|---------------------|---------------------|----------------|----------------|----------------|---------------------|
| VEKE 27 | 1 ON 18 4,9 14,19 | 1 LØ | 1 TY 2 13,18 | 1 TO 4 15,20 | 1 SØ | 1 TY 7 3,8 |
| | 2 TO 19 5,10 15,20 | 2 SØ | 2 ON 3 14,19 | 2 FR 5 11,16 | 2 MA 6 2,7 | 2 ON 8 4,9 |
| | 3 FR 20 1,6 11,16 | 3 MA 1 12,17 2,7 | 3 TO 4 15,20 | 3 LØ | 3 TY 7 3,8 | 3 TO 9 5,10 |
| | 4 LØ | 4 TY 2 13,18 3,8 | 4 FR 5 11,16 | 4 SØ | 4 ON 8 4,9 | 4 FR 10 1,6 |
| | 5 SØ | 5 ON 3 14,19 4,9 | 5 LØ | 5 MA 6 2,7 | 5 TO 9 5,10 | 5 LØ |
| VEKE 28 | 6 MA 1 12,17 2,7 | 6 TO 4 15,20 5,10 | 6 SØ | 6 TY 7 3,8 | 6 FR 10 1,6 | 6 SØ |
| | 7 TY 2 13,18 3,8 | 7 FR 5 11,16 1,6 | 7 MA 6 2,7 | 7 ON 8 4,9 | 7 LØ | 7 MA 11 12,17 |
| | 8 ON 3 14,19 4,9 | 8 LØ | 8 TY 7 3,8 | 8 TO 9 5,10 | 8 SØ | 8 TY 12 13,18 |
| | 9 TO 4 15,20 5,10 | 9 SØ | 9 ON 8 4,9 | 9 FR 10 1,6 | 9 MA 11 12,17 | 9 ON 13 14,19 |
| | 10 FR 5 11,16 1,6 | 10 MA 6 2,7 12,17 | 10 TO 9 5,10 | 10 LØ | 10 TY 12 13,18 | 10 TO 14 15,20 |
| VEKE 29 | 11 LØ | 11 TY 7 3,8 13,18 | 11 FR 10 1,6 | 11 SØ | 11 ON 13 14,19 | 11 FR 15 11,16 |
| | 12 SØ | 12 ON 8 4,9 14,19 | 12 LØ | 12 MA 11 12,17 | 12 TO 14 15,20 | 12 LØ |
| | 13 MA 6 2,7 12,17 | 13 TO 9 5,10 15,20 | 13 SØ | 13 TY 12 13,18 | 13 FR 15 11,16 | 13 SØ |
| | 14 TY 7 3,8 13,18 | 14 FR 10 1,6 11,16 | 14 MA 11 12,17 | 14 ON 13 14,19 | 14 LØ | 14 MA 16 2,7 |
| | 15 ON 8 4,9 14,19 | 15 LØ | 15 TY 12 13,18 | 15 TO 14 15,20 | 15 SØ | 15 TY 17 3,8 |
| VEKE 30 | 16 TO 9 5,10 15,20 | 16 SØ | 16 ON 13 14,19 | 16 FR 15 11,16 | 16 MA 16 2,7 | 16 ON 18 4,9 |
| | 17 FR 10 1,6 11,16 | 17 MA 11 12,17 2,7 | 17 TO 14 15,20 | 17 LØ | 17 TY 17 3,8 | 17 TO 19 5,10 |
| | 18 LØ | 18 TY 12 13,18 3,8 | 18 FR 15 11,16 | 18 SØ | 18 ON 18 4,9 | 18 FR 20 1,6 |
| | 19 SØ | 19 ON 13 14,19 4,9 | 19 LØ | 19 MA 16 2,7 | 19 TO 19 5,10 | 19 LØ |
| | 20 MA 11 12,17 2,7 | 20 TO 14 15,20 5,10 | 20 SØ | 20 TY 17 3,8 | 20 FR 20 1,6 | 20 SØ |
| VEKE 31 | 21 TY 12 13,18 3,8 | 21 FR 15 11,16 1,6 | 21 MA 16 2,7 | 21 ON 18 4,9 | 21 LØ | 21 MA 1 12,17 |
| | 22 ON 13 14,19 4,9 | 22 LØ | 22 TY 17 3,8 | 22 TO 19 5,10 | 22 SØ | 22 TY 2 13,18 |
| | 23 TO 14 15,20 5,10 | 23 SØ | 23 ON 18 4,9 | 23 FR 20 1,6 | 23 MA 1 12,17 | 23 ON 3,5 14,19 |
| | 24 FR 15 11,16 1,6 | 24 MA 16 2,7 12,17 | 24 TO 19 5,10 | 24 LØ | 24 TY 2 13,18 | 24 TO 4 15,20 |
| | 25 LØ | 25 TY 17 3,8 13,18 | 25 FR 20 1,6 | 25 SØ | 25 ON 3 14,19 | 25 FR 1. JULEDAG |
| VEKE 32 | 26 SØ | 26 ON 18 4,9 14,19 | 26 LØ | 26 MA 1 12,17 | 26 TO 4 15,20 | 26 LØ 2. JULEDAG |
| | 27 MA 16 2,7 12,17 | 27 TO 19 5,10 15,20 | 27 SØ | 27 TY 2 13,18 | 27 FR 5 11,16 | 27 SØ |
| | 28 TY 17 3,8 13,18 | 28 FR 20 1,6 11,16 | 28 MA 1 12,17 | 28 ON 3 14,19 | 28 LØ | 28 MA 6 2,7, 11, 16 |
| | 29 ON 18 4,9 14,19 | 29 LØ | 29 TY 2 13,18 | 29 TO 4 15,20 | 29 SØ | 29 TY 7 3,8 |
| | 30 TO 19 5,10 15,20 | 30 SØ | 30 ON 3 14,19 | 30 FR 5 11,16 | 30 MA 6 2,7 | 30 ON 8,10 4,9 |
| VEKE 33 | 31 FR 20 1,6 11,16 | 31 MA 1 12,17 2,7 | 40 | 31 LØ | | 31 TO 9 5,10 |
| | | | | | | 1 FR 1. NYÅRS DAG |
| | | | | | | 2 LØ |

Matavfallet må ikkje kastast i restavfallet! Hugs å sette ut sekken med plast saman med papiret! Dersom avfallet ikkje er henta kan du ringe renovatøren på tlf. 930 04 905